

Introduser KIKA og oppgaven:



Alle elever i Norge har rett til å ha det trygt og godt på skulen, i klassa si, i friminutta og på veg til og frå skulen. Dei aller fleste opplever at dei har det slik, men ikkje alle. Difor jobbar svært mange fagfolk, politikarar, forskarar og lærarar med å finne dei gode løysingane for at absolutt alle elevar skal kunne ha det trygt og godt slik dei har rett til. Og heile tida prøver ein å kome på dei lure løysingane for å hjelpe dei som ikkje har det trygt og godt enno.



Det opplegget vi skal gjere no kunne *kanskje* skjedd. Det er ei historie som handlar om at eit teknologiselskap har blitt bedt om å utvikle ein liten robot som kan hjelpe klasser til å få det trygt og godt. Roboten som dei har døyp KIKI for KI-klasserom Assistant, er ganske liten og kan stå på ei hylle framme i klasserommet. KIKI er utstyrt med sensorar som kan sjå og høyre, men den kan

ikkje ta opptak for det får den ikkje lov til. OG den er altså utstyrt med KI – kunstig intelligens – som tel, lager lister og prøver å forstå alt den legger merke til.

For greia er at i slike klasserom som vårt, så skjer det tusenvis av små ting heile tida. Og vi lærarar klarer berre å få med oss noko av det. Vi er jo berre vanlege menneske og kan ikkje legge merke til alt på same tid. Men denne KI-assistenten kan legge merke til alt mogleg. Den registrerer det som skjer ope i klasserommet – til dømes kor mange som rekk opp handa, korleis elevane vender seg mot kvarandre, kor ofte læraren bruker elevane sine namn eller korleis elevane reagerer når nokon snakkar. Den får med seg mykje meir enn eit menneske klarer å halde oversikt over samtidig.

Problemet er berre at den strevar med å tolke eller forstå riktig kva den har sett. Og dermed treng teknologiselskapet hjelp i utviklinga – og det er her de kjem inn. Teknologiselskapet har valt ut nokre klassar som skal vere med å trene den første prototypen av KIKI. Og vi skal få hjelpe ei av desse klassene. For ingen kan meir om korleis det kjennest å vere elev enn elevar sjølve. Derfor bør elevar trene opp KI-assistenten KIKI.

Og det skal vi prøve på no. Så sjølv om ikkje KIKI står her hos oss, skal vi hjelpe den litt. For poenget med dette er jo at vi som faktisk er her i dette klasserommet skal få sjansen til å bli meir bevisste på kva som fører til at elevar kjenner seg trygge eller utrygge saman i klassa. Er de klare?

Første dag:

Synne som er lærar for 6B har plassert KIKI på hylla framme ved smartboarden, og gjort den klar for første test. Klassa er informert om at den er der, og har stilt masse spørsmål om den.

No veit alle kvifor KIKA er der, kva den kan og kva den ikkje kan. Dei er litt spente, men når Synne startar timen gløymer dei ganske fort at KIKA er der.

Dei har samfunnsfag, og Synne minner dei først på kva dei lærte sist, og så viser ho dei litt på smartboarden og fortel litt meir, før ho gir dei oppgåva dei skal jobbe med i dag. Så jobbar elevane i bøkene sine. Nokre samarbeider og andre jobbar aleine. Når det er fem minutt igjen av timen lagar KIKA ein varsel-lyd, og byrjar å blinke. Den første rapporten er ferdig. Dei ser forventningsfullt på Synne mens ho går bort til PC-en sin der ho får opp rapporten. Ho ser raskt på den mens elevane ventar heilt stille, og så opnar ho den på smartboarden slik at alle får sjå den. Den ser slik ut:

Klassa les ivrig, og så ler dei litt. Her var det masse greier!

Men så ser dei feilmeldinga frå KIKA:

⚠ Arbeidsminne fullt

Eg registrerte 61 ulike typar observasjonar i løpet av denne undervisningstimen. Problemet er at eg berre har plass til å følgje med på eit avgrensa tal observasjonsoppdrag om gongen. Eg må derfor velje kva eg skal bruke merksemda mi på. Kan de hjelpe meg?

Snakk saman i grupper:

Kva meiner de at KIKA bør leggje merke til for å forstå om elevane i ei klasse har det trygt saman – og kunne hjelpe dei med å lage det endå tryggare?

La elevane snakke med kvarandre litt, og snakk også saman i klassa.

Ny oppdragsliste

Her er det KIKA no skal observere etter tilbakemeldingar den fekk frå klasse 6b:

1. Korleis viser læraren at det er trygt å prøve, svare og gjere feil?
2. Kven får ordet, og korleis lyttar dei andre når nokon snakkar?
3. Korleis reagerer læraren og elevane når nokon spør, svarer eller seier meininga si?
4. Kva skjer når nokon gjer feil?
5. Kva skjer når nokon ber om hjelp?
6. Kva skjer når nokon ikkje forstår?
7. Korleis hjelper elevane kvarandre når nokon strevar?
8. Korleis er elevane mot kvarandre når dei er usamde?

Andre observasjon

Dagen etter er KIKA klar til å prøve igjen. I dag har klassa engelsk. Dei startar med å gå igjennom leseleksa frå sist. Synne vil gjerne at alle lesar litt kvar, og ho seier det ikkje gjer noko om det er rett eller feil, det viktige er jo at vi øver. Likevel var det nokre som flira stille når ein las feil. Da smilte Synne hyggeleg til dei og sa at det er heilt vanleg å uttale feil, det er derfor vi øver.

Det var ein fin time med masse aktivitet og elevar som samarbeida om oppgåver. Fem minutt før timen er slutt, blinkar det grønne lyset på KIKA. Ein ny rapport er klar.



KIKA – Observasjonslogg 002

Denne gongen prøvde eg å leggje ekstra godt merke til kva som skjer når nokon gjer feil, og korleis elevane gir kvarandre merksemd.

- ✓ Læraren sa fleire gongar at det var lov å prøve.
- ✓ Fem elevar bad om hjelp.
- ✓ Fire elevar fekk hjelp av ein medelev.
- ✓ To elevar var usamde om eit svar og forklarte kva dei tenkte.
- ✓ Dei fleste elevane venta på tur før dei snakka.
- ⚠ Då ein elev uttala eit ord feil, lo to andre elevar.
- ⚠ Den eleven streva med konsentrasjonen resten av timen.
- ⚠ Eg registrerte at mange elevar ikkje såg på lærar eller andre elevar når dei snakka.

No treng KIKA hjelp frå elevane:

1. Kvifor trur de eleven ikkje fekk til å jobbe etter at nokon lo av han, sjølv om lærar sa det var vanleg å seie feil?
2. Er det viktig at dei som lyttar, ser på den som snakkar? Og spelar det noko rolle *korleis* dei ser på den som snakkar?

La elevane snakke med kvarandre litt, og snakk også saman i klassa. La elevane vise forskjellen på gode og dårlege måtar å gi merksemd til den som snakkar. Bli einige om korleis de vil praktisere det i klassa.

Tredje observasjon

KIKA hadde no blitt mykje flinkare til å sjå etter dei åtte observasjonsoppdraga. No ville den teste om dei fungerte like godt med ein annan lærar og anna type undervisning. Så no er det KRLE og det er Mads som har timen. Mads er ein lærar mange elevar likar. Han fortel spennande historier, tullar mykje og får ofte klassen til å le. Denne dagen skal dei snakke om kva som er rettferdig.

Mads startar med å fortelje ei historie. Etterpå spør han: – Kva tenkjer de? Er dette rettferdig?

Mange rekk opp handa og nokre svarar utan å rekke opp handa. Fleire vil seie noko samtidig og da ler Mads litt: – Oi, her var det mange som ville seie noko!

Han peikar på ein elev, så på ein annan. Diskusjonen går i høgt tempo blant omtrent halvparten av elevane. Desse er engasjerte, ivrige, ler og diskuterer. Nokre er veldig usamde, men prøver å forklare kvifor dei tenkjer som dei gjer. Klassediskusjonen varer nesten heile timen.

Fem minutt før timen er slutt, blinkar det grøne lyset på KIKA. Ein ny rapport er klar.



KIKA – Observasjonslogg 003

Dette observerte eg denne timen:

- ✓ Omtrent halvparten av elevane deltok i samtalen.
- ✓ Mange elevar sa meininga si.
- ✓ Elevane hadde ulike meiningar og diskuterte temaet.
- ✓ Læraren takka fleire elevar for innspela deira.
- ✓ Nokre elevar bygde vidare på det andre hadde sagt.

Samtidig observerte eg dette:

- ⚠ Eg registrerte 13 himlingar med augene medan andre elevar snakka.
- ⚠ Eg registrerte 8 stygge blikk retta mot ein elev.
- ⚠ Eg registrerte 7 korte kviskresamtalar medan andre hadde ordet.
- ⚠ Tre elevar byrja å rekke opp handa, men senka handa igjen utan å få ordet.
- ⚠ To elevar byrja å svare, men stoppa då andre byrja å snakke høgare.
- ⚠ Ein elev såg fleire gongar bort på ein medelev før den svarte, og valde til slutt å ikkje seie noko.

Oppgave: Eg prøver å forstå dette; denne timen verka både morosam og engasjerande. Mange smilte, lo og deltok. Likevel observerte eg fleire små handlingar som eg ikkje forstår heilt. Kan de hjelpe meg litt?

1. Kva kan eit stygt blick eller himling med augene fortelje ein medelev?
2. Kvifor vel nokon å ikkje seie meininga si, sjølv om dei kanskje har lyst?
3. Kva små reaksjonar frå lærar og medelevar kan påverke om andre tør å delta?

La elevane snakke saman og snakk saman i klassa.

Beskjed frå KIKA: dette er lurt å øve på!



Etter mange tilbakemeldingar frå elevar har KIKA no oppdatert programvaren sin. No veit den både kva den bør observere, og kva elevar og lærarar kan øve på for å gjere klassen tryggare. Den har også lært kva slags handlingar som kan hjelpe ei klasse til å bli tryggare. Den fokuserer no på 3 punkt som klasser bør trene på for å at alle skal kjenne seg trygge:

- Hos oss er det trygt å spørje, svare, prøve, og feile.
- Her er det trygt å ha ulike meninger, fordi vi viser respekt når vi er uenige.
- Vi hjelper kvarandre, fordi vi er eit lag.

Oppgave til elevane:

Tenk om KIKA kom hit til oss om tre veker, og vi ønska å vise den kor gode vi er til å gjere kvarandre trygge. Kva av desse tre punkta meiner de at vi bør prioritere å øve mest på fram til då?



Melding frå KIKA:

Takk for hjelpa!

No trur eg at eg kan hjelpe fleire klassar.

Men eg håpar at eg ein dag får besøke klassa dykkar også.